

Informasjon vedrørende tilsetjing av IAESTE praktikant ved MN

MN-fakultetet set kvart år av midlar til rundt 40 praktikantveker. Med denne ordninga kan difor institutta tilsetje ein eller fleire IAESTE praktikantar, og få lønskostnadane refundert frå fakultetet.

Avsetninga ved fakultetet er avgrensa, og dekkjer løn for inntil 8 veker til omlag 5 praktikantar. Praktikantane får for 2013 utbetalt kr 4 000 pr. veke, inkludert sosiale utgifter vert då kostnaden for ei praktikantveke ca. kr 5 200. Det er imidlertid mogleg for institutta å gå inn med ytterlegare støtte. Dette må då avtalast med IAESTE Bergen.

Rutine for dekking av praktikantløn

For å få deler eller heile løna til praktikanten dekkja frå fakultetet si avsetning må følgjande gjerast:

1. IAESTE Bergen sender ut informasjon om praktikantordninga, og skjemaet «*Agreement*» (vedlegg 1) til institutta. Instituttet fyller ut eit eller fleire skjema og returnerer til IAESTE Bergen. Skjemaet skal signerast av rettleiar (supervisor) og administrasjonssjef/instituttleiar, og skal arkiverast i UiBs arkivsystem ePhorte.
2. IAESTE Bergen koordinerer praktikantplassar og praktikantar, og avklarar kven som får tildelt praktikantveker betalt av fakultetsstøtta.
3. Når det er bestemt kva praktikant som kjem til instituttet, fyller IAESTE nasjonalt ut skjemaet «*Standardised Contract for IAESTE Trainees*» (Vedlegg 2). Dette skjemaet skal signerast av praktikanten, IAESTE nasjonalt og administrasjonssjef/instituttleiar, og skal arkiverast i ePhorte.
4. UiBs arbeidsavtale (vedlegg 3) skal fyllast ut når praktikanten kjem til Noreg. Denne skal signerast av praktikanten og administrasjonssjef/instituttleiar, og skal arkiverast i ePhorte.
5. Når praktikanten er i Noreg, vil løn utbetalast kvar månad av instituttet, og instituttet vil fakturere fakultetet i etterkant. Ved utbetaling skal skjemaet «*Diverse lønnsgodtgjørelser*» (vedlegg 4) nyttast.

Viktig! Om instituttet bestemmer seg for å forlengje arbeidsperioden, må dei sjølv ha økonomi til dette. Fakultetsstøtta dekker inntil 8 veker pr. praktikantplass.

For kvar praktikantplass sender IAESTE ein norsk student til praksisarbeid i utlandet!

Håpar på eit godt samarbeid, og at de vert fornøyd med praktikanten.

Mvh

IAESTE Bergen